



Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/5442-3

Lærdal kommune - kommuneplan sin samfunnsdel - høyring

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjøre slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen meiner kommuneplanen tek tak i sentrale utfordringar for Lærdal kommune som samfunn og organisasjon.
2. Planframlegget bør i større grad prioritere mellom kva konkrete tiltak som må gjennomførast. Planframlegget tek i litt for liten grad opp kva oppgåver kommunen må samhandle med andre kommunar eller regionalt nivå om for å sikre ei god utvikling
3. Fylkeskommunen viser til dei regionale planane som arena for innspel og samarbeid
4. Fylkeskommunen ønskjer å vidareføre den gode dialogen med Lærdal kommune gjennom Sogn regionråd for å finne samarbeidsløysingar på område der fylkeskommunen kan bidra.

Vedlegg:

- Utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel
- Politisk handsaming for utlegging til offentleg ettersyn

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Kommunen har lagt fram ein samfunnsdel som tek tak i sentrale utfordringar for Lærdal kommune som samfunn og organisasjon. Det er sett opp mål og strategiar for å nå desse måla. Slik vi vurderer det kunne planframlegget vore meir konkret på korleis ein skal nå måla, og i større grad lagt konkrete føringar for gjennomføring gjennom areal- og handlingsdel.

2. Bakgrunn for saka

Lærdal kommune har sendt framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel til offentleg ettersyn. Eksisterande samfunnsdel er frå før 2007. Arbeidet med kommunal planstrategi for 2016 – 2019 er starta opp, og der det i framdriftsplanen er lagt opp til vedtak no i september.

3. Vurderingar og konsekvensar

Plandokumentet opnar med innleiing og går så over i å skildre samfunnsutviklinga, der busetnad og sysselsetjing, skulestruktur, kommuneøkonomi, næringsutvikling, kultur, verdiskaping og kompetanse, kultur, levekår, trivsel og folkehelse er viktige samfunnstema som vert skildra og analysert. I tillegg er også samfunnstryggleik inkl. klima og miljø, samferdsel og infrastruktur skildra.

I kap. 3 kjem utfordringane, som de har delt opp i folketalsendring, eldreomsorg og areal-problematikk. Resten av dokumentet (kapittel 4 og 5) er knytt opp til verdigrunnlaget, som også er sett opp som mål: «trygg, aktiv og skapande». Kvart av dei tre hovudmåla er i denne delen delt opp i delmål, og med strategiar for å oppnå desse måla.

Regional og kommunal planstrategi

Lærdal kommune har kommunal strategi for perioden 2012 – 2015, og skal ha på plass strategi for 2016 – 2019 i løpet av hausten. I saksutgreiinga til kommunestyret ved oppstart av arbeidet i mars vart følgjande innhald skissert:

- Utgreiing for utviklingstrekk og utfordringar knytt til samfunnsutvikling og miljø
- Drøfting av hovudtrekka i ein langsigkt arealstrategi, både for å ivareta samordning, utbygging og vern av område.
- Vurdering av sektorane sitt planbehov.
- Vurdering av prioriterte planoppgåver og behovet for revisjon av kommuneplanen sin samfunnssdel og arealdel. Planstrategien vil gje eit oversyn over kva planar som finst i kommunen, når desse skal rullerast, ansvarspersonar osv.

Regional planstrategi (RPS) er ikkje nemnt i dokumentet. Regional plan skal leggast til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen. Planstrategien dekkjer eit regionalt behov for å finne ut kva som kan føre fylket i ønskt retning. Strategien etablerer eit felles utfordrings- og målbilete for fylket og set retning for bruk av verkemiddel og ressursar.

Regional planstrategi set opp følgjande fem overordna utfordringar:

- | | |
|---|---|
| <ul style="list-style-type: none">• Globalisering og sentralisering• Migrasjon og inkludering• Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad | <ul style="list-style-type: none">• Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet• Klimaendringane |
|---|---|

Mange av dei måla og strategiane som vert skisserte i planutkastet er i tråd med tilsvarande i RPS. Men vi kunne ønskt oss ei drøfting av mål og strategiar opp mot dei mål og strategiar i RPS som synleggjer kvar vi kan dra i lag og kvar Lærdal sine utfordringar og løysingar skil seg frå dei som vert skissert i RPS.

Samfunnssdelen sin arealrelevans

Lærdal kommune har ein arealdel frå før 2007. Samfunnssdelen kan og bør fungere som eit viktig innspeil til arealdelen. Overordna samfunnsstrukturar, og endring i desse, vil ha konsekvensar for arealbruken. Under dei ulike delmåla i kap. 4. Mål og strategiar er det nemnt strategiar som vil få arealkonsekvensar. Å sikre eit variert tilbod av tilgjengelege bustader og tomter i heile kommunen, og å sikre næringsareal i tilknyting til hovudferdselsårer er eksempel på strategiar som er nemnt. I prosessen fram til vedtak av samfunnsplanen bør det kome meir tydeleg fram kva konsekvensar samfunnssdelen vil ha for arealbruken og kva føringar det legg for utarbeiding av arealdelen.

Ei auka satsing på Lærdal som knutepunkt vil få konsekvensar for arealbruk. Det behovet har de adressert ved å nemne Håbakken. Strategi for plassering av ev. andre næringsområde er ikkje nemnt. Det er og eit mål å snu folketalsutviklinga. Det er under strategiar sagt at det skal vere eit variert tilbod av bustader/tomter tilgjengeleg i heile kommunen. Men det er ikkje sagt noko om korleis ein ser føre seg å løyse det. Samfunnssdelen bør vere eit overordna styringsdokument også for vidare arbeid med arealdelen, slik at ein i kommunen har eit felles utgangspunkt og strategi ein kan einast om når ein startar opp arbeidet. Om ikkje kan ein få den situasjonen at planarbeidet vidare vert meir tilfeldig og utan at ein klarer å einast om kvar ein ønsker å satse på til dømes bustadbygging.

Oppspel til handlingsdelen og prioritering av oppgåver

Utkastet kunne slik vi vurderer det vore noko meir spissa. Her er litt mange ønskjer og mål utan at det vert gjort eit val om kva som bør prioriterast. Lærdal kommune, som dei fleste andre kommunar, må velje korleis de skal nytte ressursane. Vi oppmodar kommunen til å i noko større grad nytte samfunnssdelen til å setje premissar for utviklinga, gjennom å prioritere heilt konkrete prosjekt ein meiner må til, og knytt til dei måla og strategiane som er sett opp i kapittel 4.

Planstrategien vil vise behova for tilrettelegging gjennom plan og prioritering av desse. Men det er i handlingsdelen til kommuneplanen at gjennomføringa av tiltak i tråd med planane skal prioritert. Kommunen kan ikkje gjennomføre alt på ein gong, og vi meiner at føring på kva kommunen ser på som dei viktigaste konkrete tiltaka hører heime i samfunnssdelen. Når ein kjem

vidare til handlingsdelen skal denne vere med å vise korleis visjonar, strategiar og mål i samfunnsdelen skal gjennomførast. I kommuneplanrettleiaren frå MD, T-1492 står det:

«Gjennom denne konkretiseringen kan kommunens innbyggere lettere forstå prioriteringene i planen og planen blir mer operativ for kommunestyret.»

Også Lærdal kommune er del av ein større region saman med nabokommunar. Det står lite i utkastet om utfordringar og moglegheiter som ligg i det å vere ein del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion. Samfunnsdelen, arealdel og andre kommuneplanar og sektorplanar vil måtte halde seg til ei slik verkelegheit, og planstrategien burde difor drøfte det.

Kommunen sine forventningar til fylkeskommunen

Fylkeskommunen blir i liten grad utfordra gjennom planframleggget. For mange tema er det alt i dag eit samarbeid, for andre er det openbert at løysingane ligg i eit samarbeid. Ei konkret utfording, gjerne prioritert, hadde gjort det lettare for fylkeskommunen å gje tilsvare på. Fylkesrådmannen kan ønske å gå i dialog med kommunen om slike tema, anten via prosessane i dei regionale planane, eller på anna vis.

I høve viktige samarbeidsoppgåver vil vi vise til dei regionale planane som arena for drøfting og samarbeid. Om det er sentrale utfordringar for kommunen som er tema i desse planane er det viktig at dette også går fram av samfunnsdelen. Den einaste regionale planen som no er under arbeid og samstundes relevant for Lærdal kommune er Regional transportplan – RTP.

Planstrategien set opp følgjande planarbeid framover i planperioden:

Plan	2016	2017	2018	2019	2020
Nye planar					
Strategisk plan for kysten					
Regional plan for arealbruk					
Regional plan for kultur					
Revidering/rullering					
Regional transportplan					
Regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv					
Regional plan for vassforvaltning					
Regional plan for klima og miljø					
Regional plan for folkehelse					

Om det er særskilte tema knytt til planane som skal startast opp i planperioden vil vi oppmøde om at det vert sagt noko om det i samfunnsplanen.

Vi har i dag ein god dialog med Lærdal kommune gjennom det samarbeidet vi har med Sogn regionråd. Det er eit samarbeid vi ønsker å vidareføre, m.a. gjennom den samarbeidsavtalen vi har med regionrådet.

4. TILRÅDING

Fylkesrådmannen meiner kommuneplanen tek tak i sentrale utfordringar for Lærdal kommune som samfunn og organisasjon. Den har gode skildringar av demografi og samfunn. Vi likar grepene med at det er valt tre hovudfokusområde, og planframleggget er tydeleg på mål og naudsynte strategiar for å nå måla.

Fylkesrådmannen ynskjer at samfunnsdelen sin arealrelevans, oppspel til handlingsdelen og prioritering av konkrete oppgåver skal kome tydelegare fram i plandokumentet.

Planframleggget tek i planen ikkje opp kva oppgåver kommunen treng hjelp til gjennom regionalt samarbeid for å sikre ei optimal utvikling. Fylkesrådmannen peikar her på dei regionale planane

som arena for samarbeid og dialog, i tillegg til det samarbeidet vi alt i dag har med Lærdal gjennom Sogn regionråd.